

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 47/2006

av 28. april 2006

om endring av vedlegg II til EØS-avtala (Tekniske forskrifter, standardar, prøving og sertifisering)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg II til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 28/2006 av 10. mars 2006⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsvedtak 2005/747/EF av 21. oktober 2005 om endring av europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/95/EF om avgrensing av bruk av visse farlege stoff i elektrisk og elektronisk utstyr, for å tilpasse vedlegget til den tekniske utviklinga⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Europaparlaments- og rådsdirektiv 2005/59/EF av 26. oktober 2005 om endring for 28. gang av rådsdirektiv 76/769/EØF om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter om begrensning av markedsføring og bruk av visse farlege stoffer og stoffblandinger (toluen og triklorbenzen)⁽³⁾ skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg II kapittel XV i avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 4 (rådsdirektiv 76/769/EØF) skal nytt strekpunkt lyde:
”– **32005 L 0059**: Europaparlaments- og rådsdirektiv 2005/59/EF av 26. oktober 2005 (EUT L 309 av 25.11.2005, s. 13).”
2. I nr. 12q (europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/95/EF) skal nytt strekpunkt lyde:

⁽¹⁾ TEU L 147 av 1.6.2006, s. 42, og EØS-tillegget til TEU nr. 28 av 1.6.2006, s. 13.

⁽²⁾ TEU L 280 av 25.10.2005, s. 18.

⁽³⁾ TEU L 309 av 25.11.2005, s. 13.

”– **32005 D 0747**: Kommisjonsvedtak 2005/747/EF av 21. oktober 2005 (EUT L 280 av 25.10.2005, s. 18).”

Artikkel 2

Teksta til direktiv 2005/59/EF og vedtak 2005/747/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 29. april 2006, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utfërda i Brussel, 28. april 2006.

For EØS-komiteen

R. Wright

Formann

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.